



Arkivsaknr: 2025/13159-4
Sakshandsamar: Eirik Bouwer Utne
Avdeling: Kultur

SAKSFRAMLEGG

Namnesak til høyring - fleire adressenamn i Knarvik. Gbnr 188, flere bnr.

Utvalssak	Utval	Møtedato
-----------	-------	----------

Utval for næring, kultur og idrett		
------------------------------------	--	--

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for næring, kultur og idrett legg veg- og adressenamn i Knarvik på høyring. Veg- og adressenamna er kalla opp etter følgjande historiske personar: Ivar Medaas, Aslaug Låstad Lygre, Dorteia Skagenes, Arne Bjørndal, Elias Mjåtveit og Katharina Saltnes. Utvalet ber om merknadar og innspel på skrivemåte og val av namn. Frist for høyring vert 6. juli 2026.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næring, kultur og idrett.

Saka gjeld

Det er behov for nye adressenamn i Knarvik. Endeleg vedtak skal gjerast i kommunestyret, etter høyring i to månader, og deretter førespurnad om uttale frå Språkrådet.

Normalt vert adressenamn lagt på høyring av kommunedirektøren, men då tilrådde val av namn er tematiske og omhandlar historiske enkeltpersonar, er det vurdert at saka har prinsipielle trekk og bør leggjast ut på høyring av politisk utval.

Vurderingsgrunnlag

Styrande lov- og regelverk er

- Lov om stadnamn
- Forskrift om stadnamn
- Forskrift til §21 i matrikkellova (adresseforskrift), Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy kommunar, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Vurderingsgrunnlag

I samband med utvikling av Knarvik er det behov for fleire adresse-/vegnamn. I tillegg dekker nokre av dagens adresser eit stort område, som til dømes Kvassnesvegen. Eit adresse-/vegnamn i tettbygde strøk har òg ein stadnamnsfunksjon, både for innbyggjarar, næringsliv, besøkande og naudetatar. Målsetjinga med saka er å etablere og justere veg-/adressenamn tilpassa områdeplan for Knarvik.

Om namneval

Den sentrale delen av det gjeldande området ligg i eit tidlegare myrdrag. Dette strekk seg frå Juvikvarden ved Knarvik vidaregåande skule (Stølen) i nordvest til Kvassnesstemma i søraust. Myrdraget har ingen andre kjente namn enn *Kvernhusmyrane*, som allereie er i bruk som adressenamn for vegane kring det etablerte handels- og kjøpesenteret. Det er kjente stadnamn i områda rundt myrdraget, og somme av desse er nytta til andre adressenamn.

I Alver, og i stor grad for dei tidlegare kommunane, har me tradisjonelt hatt utgangspunkt i eksisterande stadnamn for å fastsetje vegnamn og adressenamn. Der slike ikkje eksisterer eller er kjende for oss finst det fleire moglegheter. Me kan nytta eit eksisterande forledd, til dømes *kvernhus*, og så legge til eit konstruert etterledd. Eller me kan ta utgangspunkt i topografien i området for å konstruera eit namn som er i tråd med tradisjonen.

Forledda *kvernhus* og *torv*, som kunne vore aktuelle her, er begge i bruk til adressenamn andre stader i kommunen, som ved Kvernhusvegen på Manger og Torvvegen ved Frekhaug. Tradisjonelt finst det få detaljerte stadnamn i myrer anna enn for sjølve myra, og derfor lite tradisjon å bygge på. Tettstaden Knarvik har behov for eit større tal på namn enn kva topografi, tradisjon og andre særtrekk ser ut til å kunne gi utgangspunkt for.

I neste rekke kan me må sjå tematisk på spørsmålet. Slike tema kan vera dyr, erverv, plantar eller personar. Næringsfattig myr langs kysten har avgrensa flora, som elles kunne vore eit tematisk utgangspunkt for nye namn. Kommunedirektøren vurderer at det mest aktuelle for denne sentrale delen av kommune- og regionssenteret er å nytta personnamn til veg-/adressenamn, då ein ikkje har eksisterande stadnamn og at tematiske namn med lokal tilknytning vil vera avgrensa, særleg i større tal. Val av tema bør ta høgde for at ein kan finna fleire namn i framtida.

Å namngi eit vegstrekk etter ein person er knytt til viktige prinsipp. Slik namngiving skal ikkje vera eit heidersteikn til dei levande, men eit minnesmerke over gjennomført livsgjerning. Det bør vere ein viss avstand til året personen døydde, slik at samtida har ein viss tidsmessig avstand til personen det gjeld.

Personnamn til veg-/adressenamn kan gjerast tematisk, som til dømes ved forfattarar, oppdagarar eller sagaskikkelsar frå vikingtida. Det er her vurdert at slik namngiving bør gå til personar som hadde ei tilknytning og bakgrunn i Alver kommune.

Sjølv om slik namngiving ikkje har vore vanleg i vår kommune, er det frå før to adressenamn med personnamn på Frekhaug. Holtermandsvegen og Schriverhaugen har begge namn

etter to historiske eigarar av Frekhaug hovudgard. Å gi namn etter enkeltpersonar har slik vore gjort før i vårt område, om enn sjeldan.

Personane som vert lagt fram har ikkje direkte tilknytning til Knarvik, som er ein ung stad, men til kommunen. Det er søkt eit representativt utval knytt til geografi og kjønn. Eit større kartleggingsarbeid er gjort, men kommunedirektøren føreslår her berre eitt alternativ.

Det kan vere grunnar til å minnast somme av desse i eit område nærmare til der dei hadde si tilknytning. Likevel er det sjeldan me endrar veg-/adressenamn, eller etablerer nye i det omfang det no er snakk om. I kommunesenteret vil me her etablere eit større utval veg-/adressenamn, som vil kunna gi merksemd til livsgjerningane til personar frå heile kommunen.

Det er vurdert til at historiske personar som har hatt eit aktivt partipolitisk virke, til dømes på Stortinget og i regjering, ikkje vert lagt fram.

Når det gjeld namngiving, kan ein ta utgangspunkt i heile namnet eller berre etternamnet. Som hovudregel er det her lagt fram å nytta heile personnamnet.

Om skrivemåte

Kommunedirektøren har i denne saka sett at det kan vera ulike alternativ for skrivemåte. Stadnamn er i vårt område tradisjonelt skrivne i bestemt form. Skrivemåte vil då vera *Fornamn Etternamnvegen*, eventuelt med bindestrek før *-vegen*. Dei to adressene på Frekhaug nyttar etternamn og deretter vegen/haugen i bestemt form.

Genitiv-s er lov på nynorsk ved eigennamn, og er kjent nytta i liknande samanhengar. I slike tilfelle vil *veg* kunne få ein ubestemt form, men likevel vera knytt til personnamnet.

Skrivemåte vil då vera *Fornamn Etternamns veg*, eller i bestemt form *Fornamn Etternamnsvegen*

Om etternamnet sluttar på s, får me i tilfelle behov for apostrof. Dette er ikkje ukjent, men krev ei teiknsetting som truleg ikkje alltid vil verta nytta i det daglege. Alternativet er då bindestrek, som er kjent frå fleire stader. Skrivemåte vil då vere *Fornamn Etternamnsvegen*.

I tillegg kan det oppstå utfordringar om etternamnet òg er eit primærstadnamn, til dømes ein gard. Me må derfor sikra at ikkje vegnamnet kan gi inntrykk av å høyra til den opphavlege staden. Dette fordrar at heile personnamnet vert nytta, og ikkje berre etternamnet. Det bør vera lik skrivemåte for alle namna.

Kommunedirektøren vurderer at merknadar og tilrådingar om skrivemåte vil vera ein sentral del av høyringa, og ser fram til innspel om dette, særleg frå faglege organ.

Kommunedirektøren legg derfor ikkje fram eit endeleg alternativ til skrivemåte, som uansett skal høyrast, men heller kva for historiske personar som skal danne grunnlag for nye veg-/adressenamn, og skisserer alternativ for skrivemåte.

Kommunedirektøren sitt primære utgangspunkt for høyringa vil likevel vera val av skrivemåten *Fornamn Etternamnvegen*. Då det gjeldande området etter kvart vil få eit

bymessig preg, bør ein òg vurderer om ein skal nytte *veg* eller *gate* som etterledd, og innspel om dette vil vera viktig.

Om handsaminga

Kommunen si handsaming av saka har heimel i lov om stadnamn. Namnesaka skal på høyring, inkludert til eigarar i området. Høyringsfrist skal etter lova vera 2 månader. Lovkravet om høyring omhandlar ikkje val av namn, men skrivemåten. Det er likevel naturleg og legga både val av namn og skrivemåte på høyring samstundes.

Språkrådet skal få skrivemåten til uttale, i lag med innkomne merknadar. Dei kan òg få førespurnad om å kommentera namnevalet. I etterkant av uttale frå Språkrådet skal kommunen gjera vedtak om namnet. Skrivemåten kan klagast på.

Vurdering

Følgjande er framlegg og vurdering av nye veg-/adressenamn i Knarvik.

1. Del av Kvernhusmyrane – nytt namn etter Ivar Medaas

Ivar Medaas (1938–2005) var musikal, komponist og humorist frå Alversund. Han hadde ein lang og variert karriere, som ein viktig aktør i norsk kulturliv både gjennom utgjevingar av musikk og på scena. Etter sin mest aktive periode som scenekunstnar i Oslo på 1960-talet kombinerte han tida mellom musikken og garden i Alversund. I lag med kona Kari Medaas var han ein viktig ambassadør for nynorsk språk, folketonar, lokal dialekt og strilekultur. Han var tidleg ute med norsk språkbruk i den kommande visebølga, og sto bak fleire av våre mest kjære songar, mellom anna *Dar kjem dampen*.

Kommunedirektøren legg fram at vegstrekket sør for kjøpesenteret, som i dag har namn *Kvernhusmyrane*, vert kalla opp etter Ivar Medaas. Her står òg Ivar Medaas-statuen. At vegstrekket i dag heiter *Kvernhusmyrane* heng att frå tidlegare, då dette vart ved utbygging delt opp i to ulike sider av kjøpesenteret. Det er derfor behov for eit eige namn på vegstrekket på sørsida av kjøpesenteret. Kommunedirektøren legg fram at ein kan vurderer om nytta *-plass(en)* som etterledd i nytt veg-/adressenamn, då arealet er regulert på ein måte som kan tilseia *plassen* og ikkje *vegen*.

2. Del av Kvassnesvegen – nytt namn etter Aslaug Låstad Lygre

Aslaug Låstad Lygre (1910–1966) var lyrikar frå Lindås. Ho debuterte i 1943 og gav fram til 1964 ut seks diktsamlingar. Lygre er særleg kjend for diktet «Vi skal ikkje sova bort sumarnatta», tonesett av Geirr Tveitt og seinare teke i bruk av ei rekkje songarar, noko som har gjeve teksten hennar ei varig plass i norsk kultur. Diktinga hennar er sterkt knytt til natur, årstider og menneskelege erfaringar, og ho løfta motiv frå heimtraktene inn i ein nasjonal litterær samanheng. For arbeidet sitt vart ho mellom anna tildelt Gyldendals legat i 1964.

Kommunedirektøren legg fram at vegstrekket sørover frå Kvassnesvegen 31/42 og ned til Kvassnesvegen 49, som i dag er del av Kvassnesvegen, får namn etter Aslaug Låstad Lygre.

3. Del av Kvassnesvegen – nytt namn etter Dorteia Skagenes

Dorteia Skagenes (1887-1974) var ei sentral motstandskvinne under andre verdskrig. Ho budde på eit lite, veglaust småbruk på Skageneset nord for Manger, der ho saman med borna sine gav husrom og hjelp til flyktningar som skulle vidare til Shetland og Storbritannia via den såkalla Shetlandsruta. Innsatsen hennar innebar stor personleg risiko, og familien levde i konstant fare for å bli oppdaga av tyske styresmakter. For den modige og livsfarlege innsatsen under krigen vart Dorteia Skagenes seinare kåra til århundrets nordhordlending.

Kommunedirektøren legg fram at vegstrekket frå rundkøyringa aust i Knarvik til ved Lyngvegen 4 får namn etter Dorteia Skagenes. Vegstrekket har i dag namn Kvassnesvegen, og inkluderer delvis ny trase i samband med utbyggingar etter områderegulering Knarvik senter.

4. Leikeløypa – nytt namn etter Arne Bjørndal

Arne Bjørndal (1882–1965) var forskar, folkemusikksammlar og folkemusikar frå Bjørndal ved Eknes. Han starta tidleg å samla inn folkemusikk, og var ein aktiv spelemann på radio og scene. Bjørndal ga ut ei rekke bøker og skrifter, og heldt fram med eit omfattande innsamlingsarbeid gjennom heile livet, som resulterte i folkemusikkarkivet Arne Bjørndals Samling ved Universitetet i Bergen. Bjørndal vart i 1954 utnemnd til riddar av 1. klasse av St. Olavs orden.

Kommunedirektøren legg fram at den såkalla *Leikeløypa*, som er under delvis realisering i samband med utbyggingar etter områderegulering Knarvik senter, får namn etter Arne Bjørndal. Vegstrekket går frå E-39 i nord og ned mot Kvassnesvegen ved nr 59. Ein kan vurdera andre etterledd enn -veg, då strekket vil ha ein eigen karakter som er annleis enn rein gate/veg.

5. Del av Kvassnesvegen – nytt namn etter Elias Mjåtveit

Elias Mjåtveit (1874–1957) var folkeminnesamlar, diktar, målmann og spelemann frå Mjåtveit på Holsnøy. Han var fødd og budde heile livet på husmannsplassen på Mjåtveit. Han samla og delte segner, folketonar, viser og eventyr. Han komponerte songar, ga ut romanar, og publiserte flittig i skrifter og bøker. Det første biblioteket i Meland hadde sitt utgangspunkt i Mjåtveit si boksamling, og Mjåtveit var ein sentral skikkelse i organisasjonslivet i Meland.

Kommunedirektøren legg fram at vegstrekket frå Kvassnesvegen 32 og austover mot Røsvikhaugane får namn etter Elias Mjåtveit. Vegstrekket har i dag namn Kvassnesvegen, og inkluderer delvis ny trase i samband med utbyggingar etter områderegulering Knarvik senter.

6. Nytt vegstrekk – nytt namn etter Katharina Saltnes


Katharina Saltnes (1862–1945) var treskjerar og bilethoggar frå Lindås. Ho hadde eit virke som spente frå rikt ornamenterte arbeid i tre til monumentale relieff i marmor. Ho var prega av polio frå barndommen av, men fekk likevel stipend og utdanning i Bergen,

Kristiania og Stockholm. Ho vidareutvikla tradisjonen etter Lars Kinsarvik og dragestilen med eit eige uttrykk, som formidla historie, tru og kultur. Hovudverket hennar er dei ti store marmortavlene i Lindås kyrkje, som Saltnes utførte seint i livet. Ho fekk Kongens Fortjenstmedalje i 1936.

Kommunedirektøren legg fram at det kommande vegstrekket mellom Bruvegen 6 og austover mot Kvassnesvegen 33, som er under delvis realisering i samband med utbyggingar etter områderegulering Knarvik senter, får namn etter Katharina Saltnes.

Kart over vegstrekk

Kartet viser dei aktuelle vegstrekka og traseane, og framlegg til namnevala. Kvassnesvegen vil fortsetje som adressenamn for områda søraust i Knarvik, og omfatta eit meir avgrensa vegstrekk enn i dag.



Alternativ

Val av namn er basert på ei kartlegging, og søker representasjon på tvers av kjønn og geografisk tilknytning. Dersom alternativ til tilrådinga er ønskjeleg, bør saka utsetjast for å kunne gjere nye vurderingar til ny handsaming på eit seinare tidspunkt.

Økonomiske konsekvensar

Adressering krev ressursar, men vert vurdert til å kunne handterast. Det er et grunnleggande behov for nye adresser i Knarvik.

Miljømessige konsekvensar

Ingen kjende

Organisasjonsmessige konsekvensar

Ingen kjende

Risiko

Ingen særleg risiko

Vurdering av særskilte grupper

Ikkje vurdert særskild. Eldreråd, Råd for menneskje med nedsett funksjonevne og Ungdomsrådet vil få saka til uttale før endeleg handsaming

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren rår til at saka vert lagt ut til ettersyn i to månadar, og at ein ber om innspel til namneval og skrivemåte. Kommunedirektøren rår til at utgangspunkt for skrivemåte er *Fornamn Etternamnvegen*, men vurderer at dette bør vera del av det ein ber om innspel til, samt om ein skal nytte *veg, gate, plass* eller andre etterledd. Nye veg-/adressenamn vert namngitt etter Ivar Medaas, Aslaug Låstad Lygre, Dorthea Skagenes, Arne Bjørndal, Elias Mjåtveit og Katharina Saltnes.